



SAKSHANDSAMAR
Ingunn Beyer Hansen

VÅR DATO
19.05.2022

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
21/01880-5

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

STRANGES STIFTELSE, gnr/bnr. 165/272 i Bergen kommune - vedtak om freding



Stranges Stiftelse. Foto: Vestland fylkeskommune

Vi viser til fredingsforslag for Stranges Stiftelse datert 22.03.2021 som har vore på høyring hos aktuelle partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 15, fredar Riksantikvaren Stranges Stiftelse, Klostergaten 28, gnr. 165, bnr. 272 i Bergen kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar bygning på gards- og bruksnr. 165/272 med uteareala, som vist i kart på neste side.

Fredinga etter §15 omfattar følgjanda:


- Hovudbygning med uthusfløy (Askeladden-ID 174313-1)
- Uteområde (Askeladden-ID 174313-2)

Fredinga omfattar eksteriøret og interiøret til bygningen frå før 1972 og inkluderer hovudelement som planløyising, materialbruk og overflatehandsaming og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader og fast inventar.

Av fast inventar reknast fastmonterte gjenstandar frå før 1972, til dømes veggfaste møblar.

To portrettmåleri frå 1650 av to sentrale personar frå stiftinga si første tid inngår i fredinga som større laust inventar, og er nærare spesifisert i dokumentasjonsvedlegg 2.

Fredinga omfattar heile uteområdet på eignedomen, med dropefall, gangpassasje og bakgard.



Omfang av freding vist på kart. Her ses plasseringa i den opphavelge byutforminga med hovudgata 'Klostergaten' i nord, 'Knøsesmauet' i aust og spor etter gangpassasje på austsida av freda bygning.

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Stranges Stiftelse som eit kulturhistorisk og arkitektonisk døme på ein institusjonsbygning frå 1700-talet. Bygningen har vore i drift som sosial institusjon gjennom fleire hundre år på same staden. Stranges stiftelse er ei sjeldan type bygning, og i norsk arkitekturhistorisk samanheng truleg særmerkt for Bergen.

Fredinga skal sikre den innbyrdes samanhengen i bygningen, samt kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heilskap.

Fredinga av eksteriøret til bygningen skal sikre arkitekturen. Både hovudstrukturen i den arkitektoniske utforminga og detaljer, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Formålet skal bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane i det freda interiøret. Fast og spesifisert laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredinga av gangpassasje og bakgarden med tilkomst til uthustilbygg og toalett skal sikre heilskapen slik at forståinga for spesielle funksjoner knytt til institusjonen blir ivaretatt. Fredinga av desse uteområda skal òg sikre at bygninga si plassering i eit tradisjonelt bymessig bygningsmønster blir bevart.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga. Dei gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegnar om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

For fredinga av Stranges Stiftelse etter kulturminnelova § 15, gjeld mellom anna:

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningen eller deler av denne.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriør eller interiør i bygningen. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningsselement eller -materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)
4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Det kan gjevast løyve til tilbakeføringar til opphavsleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar i særlege tilfelle. Det føreset at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturmiljøstyresmaktene.
6. Større laust inventar som inngår i fredinga, jf. vedlagde spesifisering, må ikkje skadast eller fjernast frå bygningen.
7. Bakgard og gangpassasje til gate skal behaldast open. Ut over ordinær skjøtsel er det ikkje lov å gjere endringar som vil kunne endre karakteren til anlegget i vesentleg grad.

Det er ikkje lov å fjerne tre, buskar eller fastmonterte installasjonar frå tida mellom 1751 til 1972.

8. Fredinga er ikkje til hinder for mindre tilpassingar/endingar som legg til rette for vidare bruk som mellom anna kontor-, forsamlings- og selskapslokale samt lokale for kulturarrangement. Det gjeld særleg eit føremålstenleg kjøkken og sanitæranlegg.

Følgjer av fredinga

Lovheimel

For handsaminga av den freda bygningen med uteområde gjeld kulturminnelova §§ 15a, 16, 17 og 18 samt ovanfor nemnde fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må og leggjast fram for kommunale styresmakter. Løyve etter kulturminnelova må vere gitt før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan settast i verk.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvar for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogeleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogeleg skje i samsvar med opphavelog utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblad »å eie et fredet hus».

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til alle slags tiltak som går utover vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan settast i verk, ev. på kva vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeins kontakte fylkeskommunen.

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjing. Dersom det etter kulturminnelova § 15a blir gjeve dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det givast heilt eller delvis vederlag for utgiftsauken, jf. § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristik av kulturminnet

Stranges Stiftelse er ein tidlegare sosial institusjon som ligg midt i eit tettbygd eldre bymiljø på Nordnes i Bergen, med fasade mot Klostergaten og nabohusa tett inntil på dei tre andre sidene. Stiftelsen ble oppretta av rådmann Strange Jørgensen i 1609, og utvikla seg i fleire trinn frå å være ei redning for utvalde «verdige trengande» til å bli ei eldrebustad for kvinner.

Institusjonen var i drift fram til 1972, og har etter dette vore eigd av Fortidsminneforeininga som nyttar den som kontorlokale, og til utleige for ulike slags arrangement.

Den er ein lafta og bordkledd trebygning, om lag 13 meter lang og 10,5 meter brei.

Inngangsdøra står lengst ute til venstre på gatefasaden, som har ein høg gavl og detaljar i enkel sveitsarstil. Ytst mot venstre i gjerdet er ein port til bakgarden med ei enkel labankdør. I første etasje, på austsida, er det forutan hovudrommet gang, kjøkken med ei stor grue, og styraren sitt rom. Hovudrommet er ein høglofta sal som strekk seg frå gavl til gavl i to etasjar, og på langsiden ligg i alt 15 små sovekammer i to nivå, det øvste med tilkomst frå galleri langs sideveggene i salen. Hovudbygningen blei oppført i 1751, og har i sør eit vinkelforma uthustilbygg i ein etasje frå om lag 1862. Denne uthustilbygninga har vedbu og eit rom som i ein periode blei nytta som likhus.

På det meste romma stiftinga rundt 30 kvinner som ikkje lenger kunne forsørgja seg sjølv, og som her fekk fri bustad livet ut. Stranges Stiftelse var ein av fleire tilsvarande «milde stiftelsar» eller «fattighus», som spela ei viktig rolle i sosialomsorga i dei norske byane i tidleg moderne tid.

Vurdering av kulturminnet. Grunngeving for fredingsvedtaket.

Stranges Stiftelse er kulturhistorisk og arkitektonisk verdifull som eit særst godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon. Den arkitektoniske verdien kan særleg knytast til den særprega utforminga og den høge bevaringsgraden. Den opphavlege hovudkonstruksjonen er bevart nesten uendra, og mange opphavlege eller eldre detaljar er også i behald.

Uteområda som syner institusjonen sitt opphavelge behov for tilkomst til toalett og uthustilbygg (tidvis brukt som likhus) er viktige å bevare opne, men står ikkje fram som like autentiske i sitt preg.

Forutan dei mange opphavlege og eldre bygningsdelane er også yngre element, frå tida fram til nedlegginga som eldrebustad for kvinner i 1972 bevart. Dei er verdifulle som spor etter den over 200 år lange, samanhengande bruken av bygninga som sosial institusjon.

Stiftinga er ein karakteristisk representant for fattighusa for «verdige trengjande», eit viktig ledd i sosialomsorga i byane i tidleg moderne tid. Huset kan ses som ein motpol til bygningar som det har vore meir vanleg å ivareta frå denne tida, slik som overklassen sine praktbygnader. Stranges Stiftelse er eit døme på arkitektur der funksjon er særst tydeleg, og utgjer eit viktig supplement til mangfaldet av fredingsverdige kulturminne.

Den kulturhistoriske verdien blir forsterka av stiftinga si særst lange, kontinuerlege historie. Dette gjer Stranges Stiftelse til eit monument over meir enn 350 års sosialhistorie.

Det er ukjent kven som er arkitekten bak den noverande bygningen som vart oppført i 1751 med bidrag frå brørne Hendrich og Diderich Fasmer og Berent og Jan Frøchen. Bygningen er med si utforming både sjeldsynt og samstundes representativ for hospitalarkitekturen i eit felleseuropeisk perspektiv.

Stranges Stiftelse er eigd av Fortidsminneforeininga, og er open for besøkande og for ulike arrangement. Kulturminnet er difor særst tilgjengeleg for oppleving og har stor kunnskaps- og identitetsverdi knytt til tidleg byarkitektur, levkår og sosialomsorgas framvekst og rolle i samfunnet.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

Vestland fylkeskommune har gjennomført tilstandsvurdering av bygningane i 2015 (dåverande Hordaland fylkeskommune) og i 2020.

I 2015 blei overordna tilstandsgrad vurdert til TG 2. Ut frå gjeldande Norsk Standard EN-NS 16096 vil dette seie at bygningen har eit vesentleg avvik frå tilstand i høve til referansenivået. Avviket bestod i at taket var i dårleg stand, men taket blei tekka om i 2017 og er nå TG 1.

Konstruksjonsdeler som blei tilstandsvurdert i 2015, blei unntatt taket vurdert til å vere TG1. Overordna tilstandsgrad i blei i 2020 vurdert til å vere TG 1.

Fortidsminneforeininga er eigar og forvaltar av bygninga. Bygninga blir i dag brukt som kontor-, forsamlings- og selskapslokale, samt lokale for kulturarrangement. Drift og vedlikehald er basert på inntekter frå utleige og foreiningas verksemd. Eigar ønskjer å bevare bygninga gjennom bruk. Fredinga er ikkje til hinder for mindre tilpassingar/endingar som legg til rette for fortsett bruk, det gjeld særleg eit føremålstenleg kjøkken og sanitæranlegg.

Vestland fylkeskommune reknar ikkje med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføra freding av Stranges Stiftelse.

Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren sluttar seg til Vestland fylkeskommune si vurdering av tilstand og økonomiske konsekvensar.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg, eller delar av dei, av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift 15. februar 2019 nr. 127 om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova, § 2 (4).

Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsmessig status

Stranges Stiftelse ligg ved Klostergaten på Klosteret i Bergen, midt i ein tettbygd eldre bydel, og er eigd av Foreiningen til norske Fortidsminnesmerkers bevaring (Fortidsminneforeininga). I

gjeldande reguleringsplan (Bergenus. Del av gnr. 165, Nøstet – Verftet – Klosteret), vedteken 1993, er heile planområdet regulert til spesialområde bevaring, og bygningen avmerkt som «Eksisterande bygning foreslått freda, antikvarisk klasse A». Førsegnene seier med anna at vesentlege bygnadsmessige endringar berre kan tillatast i avgrensa omfang. Bygningar i klasse A som må rivast grunna brann eller annan skade, skal gjenoppbyggast med opphavleg utsjånad. Kommunedelplan *Sentrum*, vedteken i 2001, har ikkje særskilte førsegner av antikvarisk art for område regulert til spesialområde bevaring, men viser til reguleringsplanane. I kommuneplanens arealdel 2018-2030, vedteken i 2019, er Bergen sentrum definert som omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570). Her inngår Stranges Stiftelse i delområde 24, *Trehusbebyggelsen Nordnes-Sydnes*.

Tilhøvet til naturmangfaldlova

Når kulturminneforvaltinga fattar vedtak, skal det samtidig vurderast om dette verkar inn på naturmangfaldet. Dette følgjer av lov om forvaltning av naturens mangfald av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova). §§ 8-12 i lova leggast til grunn for vurderinga, jf. § 7.

Det er gjort søk i Artsdatabanken sitt Artskart og Miljødirektoratet si Naturbase for å skaffe fram naudsynt kunnskap for avgjerdsgrunnlaget.

Innafor den freda eigedomen eller det næraste området rundt er det ikkje registrert sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrert andre særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Ein finn at fredinga ikkje vil påverke naturmangfaldet i negativ retning.

Bakgrunn for fredinga

Fortidsminneforeininga, Bergen og Hordaland avdeling, bad i brev av 26. oktober 2009 Hordaland fylkeskommune om å starta opp sak om formell freding av Stranges Stiftelse. Bakgrunnen var at inspeksjonen for Stranges Stiftelse skreiv under ein såkalla «fredingsavtale» i 1975, og sidan har bygningen i praksis vore handsama som freda, både av eigaren og av kulturminnestyresmaktene.

Utgreiing for saksgang og innkomne merknader

Melding om oppstart av freding blei, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1 sendt eigaren og kommunen i brev av 23. september 2020. Samstundes blei meldinga kunngjort i avisene Bergens Tidende og Bergensavisen.

Det kom ikkje inn merknader til oppstartsvarselet.

Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslag, og dette blei i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 15. mars 2021.

Samstundes blei det kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og på fylkeskommunens nettsider.

Det blei gitt ein frist på seks veker frå kunngjeringsdagen til å uttale seg.

Det kom inn to merknadar frå eigaren Fortidsminneforeininga.

For det første blei det etterspurt eit betre dokumentasjonsvedlegg, der det i større grad blir presisert og skildra kva for deler av interiør og fast inventar som blir omfatta av fredinga og vurdert som kulturhistorisk viktige. Fylkeskommunen har som svar på dette utarbeidd ein justert interiørdokumentasjon der inventar som blir omfatta av fredinga er dokumentert. Vidare hadde Fortidsminneforeiningas spørsmål om fredinga ville opne for ei naudsynt tilpassing av kjøkken og toalettfasilitetar. Fylkeskommunen svara til dette at fredingsforslaget tar høgd for at slike tilpassingar kan handsamast gjennom dispensasjon når bygningen er freda. Det blei frå kulturminnemyndigheita gjort oppmerksom på at trapp frå hovudinngangen til Stranges Stiftelse går utanfor eigedomsgrensa, og ut på kommunal grunn. Dette blei ved høyring i skriftleg form godteke av Bergen kommune utan innseiing, den 03.08.2021

Med heimel i kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om freding leggjast fram for kommunestyret før vedtak om freding blir fatta. Fredingsforslaget og innkomne fråsegner blei sendt til kommunen i brev 12.08.21. Kommunestyret handsama saka i møte 26.10.21. Kommunestyret vedtok einstemmig å støtte foreslått freding.

Riksantikvaren sine kommentarar til høyringsfråsegnene

Riksantikvaren sluttar seg til Vestland fylkeskommunes tilsvaret til høyringsfråsegnene frå Fortidsminneforeininga.

Opplysning om høve til klage og tinglysing

Det kan klagast på Riksantikvaren sitt fredingsvedtak til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendes Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslovas § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5

Beste helsing

Hanna Geiran
riksantikvar

Turid Kolstadløkken
avdelingsdirektør

Vedlegg:

- Fredingsdokumentasjon del 1
- Fredingsdokumentasjon del 2 (unnateke offentlegheit)
- Informasjonsarket Å eie et freda hus
- Dispensasjonsveileder

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Bergen kommune

Klima- og miljødepartementet